

*Det skulle vel teke seg ut at Folkelista gjekk imot folket.* Som om denne reforma var eit krav frå folket... På vegne av den vanlege mann i gata? Nei, reforma er trykt nedover hovudet på både vanlege folk og lokalpolitikarar. Måla om sterke regionar, meir lokaldemokrati og betre tenester viser seg å berre vere flosklar utan innhald.

Alt anna enn å røyste "Ja til Hareid som eiga kommune" er å akseptere spelereglar som eg trur dei fleste er imot. Folk er imot tvang, fine ord om demokrati og tenestekvalitet (eg treng vel ikkje repetere robust og berekraftig). Folk er imot elitar som skal bestemme med krav og nye reglar om målstyrt kvalitet, meir pengar til sentrale strom og pisk til resten av landet. Stikk fingeren i jorda, folkens og kall ei spade for ei spade.

~~Eg vil følgje rådet frå folk, men kva om det vart 40 % for Ålesund, 30 % for Runde og 35 % for å halde fram som før? Var det ansvarleg eller logisk å då å legge Hareid under Ålesund med det vi veit som har hendt med andre kommunar som har lagt seg under Ålesund? Vi kunne ta ein vri og seie at 65 % då ikkje ville ha regionkommune, og vi måtte halde fram som før... Vil det vere noko skilnad om Hareid vert ein del av Runde visst det vart 40 % og med til dømes berre 30 % valdeltaking? Var det noko meir logisk for nokon som har peika på feila i reforma og då brått tippe over og akseptere desse meiningslause vilkåra?~~

Nei, skal vi røyste på noko her, så må det vere ei påminning til styresmaktene om at vi ikkje finn oss i overformynderi, fleire tullete reformer og vekk-kasta tid. Stem for at vi held fram som før og gje samstundes ein rungande protest mot desse Oslo-byråkrat-ideane! Kva har ideane ført til hittil?

– Dei har oppnådd akkurat det dei ville. Piska opp stemninga, slik at då Runde og Ålesund kom på banen, då fekk vi panikk og bad om nåde og at Hareid + Ulstein fekk vere nok. Det same hende i Vanylven. Der gjekk ordføraren ut og sa ho ville sydover til dei som ikkje ville ha Vanylven ein gong. Då fekk folk panikk og røysta nordover i staden. 53 % (ikkje 74 som det står i avisene).

Det som eg prøvar å illustrere her, er det spørsmålet dokka kjem ut av ein diskusjon der ikkje nokon er samde om spelereglane ein gong. Ingenting er klart i denne reforma. Hareid + Ulstein her kome ut av eit press som vi ikkje bad om. Dette har kome som eit svar på ei reform som ikkje innfridde, men som vi vart trua til å ta stilling til. Det rettferdiggjjer ikkje eit anna svar, eller ei anna tolking av røystetalet frå politikarane, enn at vi ikkje aksepterer vilkåra for heile reforma og seier nei, takk. Dei får la vere å prakke på kommune-Noreg utgreiingar vi ikkje vil ha fordi vi ikkje veit kva dei skal løyse.

Skal eg spekulere i prosentar og tolke det på førehand? Skal eg svare slik som Sanner og seie at dersom det blir Ja til Hareid som eiga kommune har vi fått feil svar og må starte på nytt? No skriv til og med Venstre i avisa at det eine skal takast til inntekt for det andre fordi folk ikkje får kome med sin favoritt – at Hareid skal bli ein del av Ulstein. Dette er jo ei fullstendig fallitterklæring frå det partiet som førte an i motkreftene sin kamp mot eliten og for folkestyre, parlamentarisme, juryordninga, utvida røysterett og mykje meir. Når dei skriv at noko skal takast til inntekt slik og sånn – høyrer eg låneord. Argumenta er også lånte. Det same med Ap. Korleis i alle dagar kan Ap bruke oppatt argumenta frå H, når dei i landsmøtet i fjor røysta fram eit rungande nei til reformtvang? Og kva med FrP som folkets parti? Røysta

i utgangspunktet mot folkerøysting. Er grunnen at det står "reell fridom" i handsaminga til forslaget i Stortinget om reform? Der står at reforma ikkje kan tvingast på nokon dersom folket røyster for å halde fram som eiga kommune – og det ville vel ikkje regjeringspartia risikere – og sa derfor at vi ikkje burde ha folkerøystingar. Nei, no er einaste sjansen å røyste for eiga kommune og mot reforma.